



Til tilsette i Kleppskulen

NASJONALE PRØVER – FØRINGAR I KLEPP

Politikarane i Klepp har vedteke ambisjonar om at resultatane på dei nasjonale prøvene bør liggja over landsgjennomsnitt.

Det primære føremålet med dei nasjonale prøvene er å kartleggja i kva grad lærarane og skulane lukkast med å utvikla elevane sine grunnleggjande ferdigheter. Dette notatet er for å sikra felles kommunale rutinar for førebuing og etterarbeid.

Oppfølginga på den einskilde skulen på organisasjons-, foreldre- og elevnivå er avgjerande for at dei nasjonale prøvene skal vera eit reiskap i det pedagogiske arbeidet.

Det er samsvar mellom kompetansemåla for basisfaga og det som vert prøvd. I engelsk tek prøvene direkte utgangspunkt i kompetansemåla. Oppgåvene i prøvene i lesing og rekning er knytta til dei grunnleggjande ferdighetene i ulike fag.

Kunnskap om, og arbeid med, dei grunnleggjande ferdighetene og målformuleringane i læreplanane for fag er ein føresetnad for å gjera det godt på dei nasjonale prøvene.

Innspel frå skular i kommunen, drøftingar i rektorkollegiet og nasjonale rettleiingar gjer at desse momenta blir førande i Klepp:

FØREBUING PÅ ELEVNIVÅ

- Lærar forklarar intensjonane med – og motiverer for – prøva.
- Lærar presenterer og går gjennom eksempeloppgåver.
- Elevane øver på førehand på sjølve prøveforma og løyser eksempeloppgåver, gjerne tekne frå tidlegare prøver.
- Foreldra i klassen blir informerte om dei nasjonale prøvene; føremål, eksempeloppgåver og gjennomføring. Det blir informert om nasjonale prøver på foreldremøta.

FØREBUING PÅ SKULENIVÅ

- Rektor sikrar at lærarane veit om intensjonar med og struktur på prøvene. T.d. veit alle at prøvene i lesing på ungdomssteget har minst ein fagtekst, ein skjønnlitterær tekst og ein samansett tekst. Prøven i rekning omhandlar tall, måling og statistikk.
- Steget som hadde nasjonale prøver sist år, legg fram føringar, førebuingar og erfaringar i kollegiet.
- Lærarane, saman med rektor, vurderer eventuelle fritak for prøva for elevar og følgjer vedtekne prosedyrar for fritak. (Sjå 10/1695-5 i e-sak).
- Rektorane på ungdomsskulane kallar inn leiinga og lærarane på 7. steget for gjennomgang av resultat og drøfting av forbetringstiltak. Barneskulane studerer eit eksemplar av nasjonal prøve i lesing på 8. steget.

ETTERARBEID PÅ ELEV- OG FORELDRENIVÅ

- Lærarane vurderar resultatata for elevane og elevgruppa, også i forhold til kjønn.
- Lærarane set i verk tiltak for elevar på nivå 1 og 2. Kontaktlærar og foreldre har ein samtale om oppfølgingstiltak like etterpå.
- Kvar elev og foreldre får informasjon om resultat i trekantsamtalen og set seg mål for vidare arbeid og betring av resultat.
- Elevar og foreldre får generell informasjon om resultatata på prøvene og om korleis resultatata blir følgt opp i opplæringa, t.d. på eit foreldremøte.

ETTERARBEID PÅ SKULENIVÅ

- Lærarane på steget som har hatt prøva, vurderer resultatet; kva skulen er sterk på og særleg kva som kan gjerast betre.
- Leiinga, saman med lærarane, vurderer så resultatata; delprøva/områda/kompetansemål som vart meistra/ikkje meistra. Resultata blir vurderte også i forhold til kjønn. Referat vert skrive for å læra.
- Leiinga, saman med lærarane, vurderer og set i verk tiltak for elevar på nivå 1 og 2 (både organisatoriske og pedagogiske grep). Det vert skrive oppfølgingsplan.
- Leiinga, saman med lærarane, avgjer om det skal gjennomførast ny prøve om eit halvt år for å vurdere framgang.
- Foreldregruppa og FAU blir informerte om resultatata og oppfølgingstiltaka.
- Leiinga og heile kollegiet sikrar halvårleg drøfting av resultatata; Er det eit mønster i resultatata? Kva ligg til grunn for resultatata? Skilnader mellom kjønna? Indikerer resultatata behov for å justera praksis; organisatorisk og/eller pedagogisk? Kva skal vera ambisjonane vidare?
- Kvar ungdomsskulekrins tek initiativ til årleg drøftingsmøte med barneskulane om resultat og resultatforbetring.

ETTERARBEID – KOMMUNALT NIVÅ

- Etatskontoret går gjennom alle resultat, analyserer utviklinga til skulane og kommunen over tid og sikrar drøftingar i rektorkollegiet.
- Etatskontoret går gjennom resultata i medarbeidarsamtaler med rektor og utviklingssamtaler med plangruppene/utviklingsgruppene.
- Etatskontoret presenterer resultat for medlemne i hovudutvalet.
- Skuleeigar vurderer konsekvensar i samband med årsmelding, budsjettarbeid, tilstandsrapport, kompetansetilbod og set om naudsynt også i verk tiltak retta mot einstilte skular.

For sjølve gjennomføringa av prøvene gjeld ”Prosedyre for gjennomføring av nasjonale prøver”. Sjå prosedyrenummer 2100-8 i etaten sitt kvalitetssystem. For analyse og oppfølging av resultat viser vi og til tips i dei nasjonale rettleiingane for kvar prøve.

Klepp kommune, 15. desember 2011

Sigurd Aukland
Ass kommunalsjef

Sissel Johannessen
Rådgjevar